

Saksframlegg sak 7 – Innstilling medlemskontingent

Medlemskontingentsatsane vart ikkje auka på årsmøtet verken i 2016 eller 2015, då den einaste endringa var at det vart innført honnørmedlemskap. Det betyr at førre endring i prisane var i 2014.

Med omsyn til generell prisvekst vil det vere formålstenleg å sørgje for ei gradvis auke i kontingentsatsane heller enn store byks med ujamne mellomrom.

Truleg har SIL mykje å gå på når det gjeld oppfølging av betalt medlemskap hos utøvarar og føresette i gruppene, og kanskje bør strategien for å auke medlemsinntektene i 2017 vere å ha større fokus på å auke talet på betalande medlemmer – og heller gjere ei ny vurdering av om satsane bør aukast i 2018.

Det kan og vurderast om årsmøtet kvart år bør vedta satsane for påfølgjande år i staden for inneverande år. Dette slik at ein kan sende ut medlemskontingent-fakturaer i første kvartal.

Minstebeløpet for medlemskap er kr. 100,-. Dette gjeld og innanfor rabattordningar, som familiemedlemskap, som for vår del kostar kr. 500,-.

Vi har få familiar som har minst to vaksne og fleire enn tre ungar inkludert i familiemedlemskapet sitt, og som dermed i praksis betalar under kr. 100,- per medlem. Dagleg leiar har fått klarsignal frå idrettskretsen til å behandle desse familiare manuelt, utan behov for endring i kontingentsatsane.

Forslag til vedtak:

Medlemskontingentsatsane i 2017 og 2018 vert som følgjer:

Vaksne (f.o.m. 20 år) – kr. 250,-
Barn/ungdom (t.o.m. 19 år) – kr. 150,-
Honnør (f.o.m. 67 år) – kr. 150,-
Familiemedlemskap – kr. 500,-